

Strålande start, våt slutt

02.08.2014



Trass i regnet vart Festidalen ein suksess på mange vis og eitt av dei var tilbodet av mat og drikke. Hamburgaren slo verkeleg igjennom og her går grillinga for fullt.

Medan framifrå vertilhøve prega Festidalen på fredag vart laurdagen etterkvart svært våt. Publikum gjekk i skytteltrafikk inn og ut av låven i takt med småskurane, men så kom eit stort regnskyll utan at det stoppa det som gjekk føre seg på scena. Men då var det som sild i tønne på låven, nær grensa av det forsvarlege.

Etter fredag var leiinga strålande fornøgd og kunne rapportera om 1800 betalande og berre 100 dagspass att.

Regnet laga riktignok problem, men resultatet vart likevel bra, like bra som dagen før.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen